

Drangedal Mållag  
Ved Hans M Gautefall  
Åseveien 21  
3750 Drangedal

7. februar 2021

Vestfold og Telemark fylkeskommune  
[post@vtfk.no](mailto:post@vtfk.no)

## HØYRINGSUTTALE OM FRAMLEGGET TIL KULTURSTRATEGI FOR VESTFOLD OG TELEMARK FYLKESKOMMUNE

I kulturstrategien er det påpeika følgende:

Overordna kulturpolitiske mål

- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

Det er vanskeleg å sjå dette ivareteke og konkretisert til forpliktande handlingar elles i dokumentet.

Når der i den språkpolitiske planen blir sagt at det skal kommuniserast på nynorsk til dei som skriv på nynorsk så er dette for svakt, og vil berre utarme nynorsken endå meire.

FK må ha ei eiga målsetting for nynorsk, og leggja til grunn at befolkninga les og han forstå begge språka, då det som vi veit er ein del av ålmenntdanninga.

Å argumentere med at kommunar har vald nynorsk, bokmål eller er språknøytrale og legge det som premiss, betyr jo ikkje at ein kan overkøyre nynorskbrukarane i dei språknøytrale eller bokmålskommunar. Dei har like stor rett til å få lese og bruke nynorsk om andre.

Framlegg til nye punkt og presiseringar:

Tillegg innan inkludering og kunnskap:

Nyte punkt:

- Under 2.1.1 Styrke nynorsken i Vestfold-Telemark både i dagleg bruk, gjennom stønad til aktivitetar, og sette som premiss for fylkeskommunal støtte.
- Under 2.1.2 All kommunikasjon frå FK som rettar seg til ålmenta (nettsider, reklame, generell informasjon til kommunar) skal vere på både nynorsk og bokmål.

- Under 2.1.2 Oppretthalde og styrke nynorsk skriftkultur i samsvar med norsk lov og forskrift, og fylkeskommunens egen språkbruksplan
- Under 2.3.1 Auka kunnskap om nynorsk skriftkultur
- Under 2.4.2 Støtte prosjekter som bidrar til å styrke nynorsk skriftkultur
- Under 2.6.1 Utvikle og synleggjere det kulturelle særpreget som ein del av internasjonal kulturutveksling

Med helsing

for Drangedal Mållag

Hans M. Gautefall